



Frode Tredal  
Leknesvegen 134  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7884 - 15/3123

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.02.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 195/72, Leiknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.12.14. Vi seier oss leie før at det har teke så lang tid før søknaden er gjennomgått av sakshandsamar.

Søknad gjeld tilbygg til eksisterande bustad på eigedom gbnr. 195/72. Tilbygget er opplyst å ha eit bruksareal på om lag 29 m<sup>2</sup>.

### Planstatus

Arealet det tiltaket søkast oppført på er i arealdelen til kommuneplanen for 2011/2023 sett av til bustadføre mål. Det er i pkt. 2.14 opna for at mindre tiltak eksisterande bustadeigedommar kan gjevast løyve til når dei er innanfor gitte grenser med omsyn til samla bruksareal og bebygd areal for eigedomen. Eit grovt estimat syner at tiltaket er innanfor råmer gjeve i kommuneplanen sitt pkt. 2.14. Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Det nye tilbygget ligg i hovudsak utanfor støygrense.

### Nabovarsling

Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla jf. plan- og bygningslova § 21-3. Heimelshavar av gbnr. 195/183, Statens vegvesen, er ikkje nabovarsla. Heimelshavar av gbnr. 195/153, er ikkje nabovarsla.

Vi legg ved naboliste og skjema som kan nyttast til yttarlegare varsling av tiltaket.

### Privatrettsleg

Tiltaket kjem nærare eigedomsgrense mot gbnr. 195/33 enn 4 meter, kommunen kan ikkje godkjenne tiltaket med slik plassering utan at det ligg føre privatrettsleg avtale jf. plan- og bygningslova § 29-4, 3.ledd bokstav a). Kommunen har ikkje kjennskap til kven som har heimel til eigedomen, dette må dokumenterast.

### Teikningar



Situasjonsplan er ikkje påført avstand frå tiltaket til eigedomsgrense, og heller ikkje minste avstand til vegmidte. Vi ber om at dette vert påført i samband med nabovarsling til Statens vegvesen

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på at nemnde nabo/gjenboar er varsla om tiltaket, den kan nytte vedlagde skjema og naboliste.
2. Privatrettsleg avtale som gjev løyve til plassering av del av bustad nærare enn 4 m mot grense mot gbnr. 195/33.
3. Dokumentasjon på heimelshavar av eigedom gbnr. 195/33.
4. Oppdatert situasjonsplan påført minste avstand til eigedomsgrense og minsteavstand til vegmidte.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.04.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

5155N-Opplysn. gjeve i nabov  
5156N-Kvittering for Nabovar  
naboliste gbnr 195\_72

#### Mottakarar:

Frode Tredal

Leknesvegen 134 5915

HJELMÅS